Gudsteneste inne eller ute? 16.07.2011



I morgon sundag er det gudsteneste på Skorpo slik det plar vera rundt desse tider.
I år er gudstenesta klokka 13 og båten går frå Sandakaien 12.15.
Det store spørsmål er no som alltid: Kan gudstenesten gå føre seg i Guds frie natur eller må det heile skje inne på låven til familien Vågen?

Varslet du finn ved å trykka nederst til høgre på første sida i nettavisa tyder på at det blir innever dette året og. Det skal i alle fall komma ein og annan regndråpe.
Soknеprest Kristian Due og organist Reidar Algerøy skal stå for gudstenesta denne gongen og det er debut for Due som 'sommarprest' på Skorpo.

Men for å illustrere inne/ute-problematikken er soknеprest Sven Harald Nilsen her ute og organisten inne.

(Foto: Ola Matti Mathisen).